

# Utviklingsplan for Os gymnas for skuleåret 2016-2017

## **Visjon**

Os gymnas skal utvikle eit aktivt og inkluderande læringsmiljø, prega av engasjement, innsats, motivasjon og trivsel.

## **Pedagogisk plattform**

Målet for opplæringa ved Os gymnas er å ruste elevane til å møte livets oppgåver slik at evner og vilje blir utvikla til å meistre utfordringar saman med andre.

Os gymnas legg difor vekt på:

- at alle i skulesamfunnet møter kvarandre med respekt og arbeider for rettferd og likeverd
- å skape eit trygt, engasjerande og inkluderande læringsmiljø med optimal læring
- at alle deltek og tek medansvar i skuledemokratiet for at skulen skal få eit godt og inkluderande arbeidsmiljø

## **Mål for opplæring 2016-2017**

Auka læringsutbytte gjennom blant anna eit noko høgare læringstrykk, oftare undervegsvurderingar med enda høgare kvalitet og aktivt arbeid blant elevane med tilbake- og framovermeldingane.

Prosess i arbeidet med planen

- Utviklingsplanen for Os gymnas har blitt utarbeidd av lærarane og leiinga i fellesskap. Ein har arbeidd med utviklingsplanen både individuelt, seksjonsvis, i tverrfaglege grupper og i fellesskap. Elevane har fått høve til å diskutere og kome med innspel i god tid før ein begynte å skrive planen, og dei har blitt tekne med på råd undervegs. Den endelege planen vil bli tatt opp i elevrådet til handsaming tidleg i skuleåret.

Hordaland fylke har i styringsdokument 2016-2018 to hovudområde som skal ha særskild merksemd: Auka læringsutbytte og fullføring. Os gymnas har teke utgangspunkt i desse føringane i samband med utarbeiding av planen. Vi har blant anna hatt nær dialog med elevrådet i forkant.

I skuleåret 2015/2016 har elevane uttalt seg om korleis dei har opplevd satsingsområda i praksis i inneverande skuleår. Dei har bl.a. uttalt seg om følgjande punkt frå utviklingsplanen: 1. felles handheving av ordensreglementet, 2. riktig bruk av PC i timane, 3. Start og avslutning av timane. Punkta har blitt diskutert i elevrådet saman med leiinga, og tillitselevane har tatt punkta opp til diskusjon i sine klassar, og tatt synspunkta frå klassane attende til leiinga, både munnleg og skriftleg. Same prosedyre er følgd når det gjeld resultatata frå elevundersøkinga. Leiinga har lagt synspunkta til elevane fram for lærarane. Med utgangspunkt i resultatata frå elevundersøkinga, og det som har komme fram i prosessen med elevane og lærarane har vi saman laga utviklingsplan for skuleåret 2016/2017. Både elevar og lærarar har uttalt seg om kva som bør vere satsingsområde neste skuleår. Vi ønskjer å ha fokus på auka læringsutbytte og klasseleiing.

### ***Auka læringsutbytte***

Frå hausten 2012 har skulen hatt hovudfokus på vurdering for læring. Dette arbeidet vil halde fram. Vi vil framleis ha fokus på desse områda:

1. Korleis gje tilbakemelding som faktisk fører til læring?
2. Korleis auke kvaliteten på tilbakemeldingane?
3. Korleis følgje opp at elevane faktisk arbeider med tilbakemeldingane?
4. Korleis gjere kriteria for karakterane enda tydelegare slik at elevane veit kva som er venta av dei, og kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane?

Få til eit nærare og betre samarbeid mellom faglærarane på tvers av/ innan faggrupper slik at ein har felles vurderingspraksis og felles norm for kva som inngår i sluttvurderinga. Ein ønskjer også tverrfagleg samarbeid rundt pedagogiske emne: eigenvurdering, læringsstrategiar, undervisningsmetodar, vurdering m.m.

Både elevane og lærarane har uttrykt frustrasjon over at mange elevar uteblir frå vurderingssituasjonar. Vi ønskjer å utarbeide felles reglar for å prøve å hindre «strategisk skulk» frå vurderingssituasjoner.

Lærarane som underviser i framandspråk og matematikk har dei siste åra hatt eit auka læringstrykk gjennom å ha hyppige små testar. På denne måten får lærarane betre oversikt over om elevane har fått med seg det dei skal. Elevane får kontrollert kva dei har lært, kor dei står og kva dei må jobbe vidare med. Slike hyppige testar gjer det også enklare å tilpasse opplæringa. For skuleåret 2016/2017 vil vi forsøkje å auke læringstrykket tilsvarande i fleire fag.

## ***Klasseleiing***

Elevane meiner at god klasseleiing inneber at lærarane møter presis til timane, og at dei ikkje aksepterer at mange elevar kjem for seint. I tillegg ønskjer dei at undervisninga skal vere strukturert, og at alle timar skal ha eit uttrykt mål. Dei har påpeika at nokre lærarar framleis ofte er for seint til timane.

Elevane seier framleis at for mange elevar kastar bort tid til ikkje gangbar bruk av PC i timane, og dei meiner at reglane som skulen har vedtatt for PC-bruk, må følgjast betre opp av lærarane. Dei meiner òg at lærarane må praktisere både PC-reglar og andre ordensreglar likt. Skulen må derfor jobbe vidare med å få til ei felles haldning til- og forståing av reglane. Lærarane uttrykker same ønske.

Det står no i skulens lokale ordensreglement at mobilen skal ligge i veska i timane. Nokre av lærarane opplever likevel at elevane ikkje respekterer mobilreglementet, så her må vi jobbe meir med haldningar og sanksjonar ved brot på reglane.

# Tiltaksplan

Utviklingsmål: Auka læringsutbytte							
Mål	Tiltak	Resultatmål/ kjenneteikn	Start – slutt Milepælar	Ansvarleg/ organisering	Ressursar	Dokumentasjon Evaluering	
Hindre frávær på prøver og framføringar, og manglande innleveringar  Hindre strategisk skulk på prøver	Nytt regelverk (med større ansvar til eleven i samband med vurderingssituasjonar).  Bevisstgjere elevane om konsekvensane av manglande vurdering.  Varsel om IV etter første frávær frå vurderingssituasjon.	Høgare deltaking på prøver	18.8.16 – 24.6.17	Elevar Faglærer Leiinga Ressursteam et  Faglærer  Faglærer	Krev nytt regelverk. Reglane blir utarbeidde av lærarane og leiinga, og lagt inn i åtferdsreglementet, elevheftet og på ITSL.	Evaluering ein gong i terminen.	
Å få elevane til å arbeide jamt og strukturert med faga  Jamt høgt læringstrykk.	Diskutere kor mykje som er rimeleg å forvente at elevane arbeider med fag utanom timane (forslag: 15-20 minuttar per fag/undervisningstime.) Det vil krevje meir ved prøver.  Legge prosjekt og andre større vurderingssituasjonar inn i prøveplanen.  Redusere utanomfaglege aktivitetar. (PC, mobiltelefon, utanomfaglege samtalar)  Følgje opp leksene i timane  Hyppige små prøver i nokre fag	Elevane møter førebudd til timane.  Heve det faglege nivået.	18.8.16 – 24.6.17	Elevar Faglærer Leiinga  Faglærer  Faglærer	Ingen ekstra ressursar	Evaluering ein gong i terminen.	

<p>Få elevane til å arbeide med tilbakemeldingane frå lærarane</p>	<p>Bruk av tilbakemeldingar undervegs i fag (som t.d. prosesskriving).</p> <p>Eigenvurdering / refleksjon etter vurdering. Tidsbruk og metode er avhengig av fag og klassestorleik. (t.d. refleksjonsnotat, kommentar utan karakter, jobbe med spesielle feiltypar)</p> <p>Auka fokus på å vise kvalitets-/vurderingskriterium (t.d. synleggjort gjennom døme i forkant av vurderingssituasjonar).</p> <p>Rettleiing med «Easy Correct»</p> <p>Bruk av eigenvurdering knytt opp mot feiltypar.</p>	<p>Bevisst bruk av lærarane sine tilbakemeldingar</p> <p>Elevane får betre innsikt i eige fagleg arbeid og eiga fagleg utvikling.</p> <p>Auka læring.</p>	<p>18.8.16 – 24.6.17</p>	<p>Faglærer og elevar</p>	<p>Bruk av egne ressursar</p>	<p>Evaluering ein gong i terminen.</p>
<p>Fagleg samarbeid blant lærarane</p>	<p>Hyppigare kollegasamarbeid med spesifiserte og planlagde tema. Det som gjeld problemstillingar knytt til fleire/alle fag: Tysdagsmøta Samarbeid på fagnivå: Timar som er felles i ei faggruppe (helst timeplanfesta)</p> <p>Meir deling: diskutere moglegheita for å opprette fagbank på ITSL. Også notat frå samarbeidsmøte kan leggjast her.</p>	<p>Meir variert undervisning</p> <p>Auka læringsutbytte</p> <p>likare praksis</p>	<p>18.8.16 – 24.6.17</p>	<p>Lærarar og leiinga</p>	<p>Ingen ekstra ressursar</p>	<p>Evaluering ein gong i terminen.</p>

<p>Meir motiverte elevar</p>	<p>Varierte undervisningsmetodar</p> <p>Trekke elevene inn i planlegging av undervisninga, t.d. høyre med elevane kva metodar dei vil ha (dersom det er mogleg). Ein kan og gi elevane ei ramme ved starten av eit emne, som dei kan vere med å fylle inn eller bruke ei ltslearning-undersøking. Vi kan og lage ein felles mal, som lærarar kan kopiere inn i sitt fag.</p> <p>Tydeleg rådgjeving ved val av fag. Viktig at elevane vel fag dei har interesse for.</p> <p>Bevisstgjerjing av kvifor dei skal lære om ulike emne i faga, og kva som blir kravd. Ein middels karakter er ikkje ein dårleg karakter.</p> <p>Tverrfagleg samarbeid blant lærarane. Fokus på læringsstrategiar på tvers av fag. Arbeide med generell studieteknikk.</p> <p>Vektlegge det positive i tilbakemeldingane.</p>	<p>Betre læringsresultat</p> <p>Betre resultat i elevundersøkinga</p> <p>Tilbakemelding frå elevar og lærarar</p> <p>Meir ro og fokus i timane.</p>	<p>18.8.16 – 24.6.17</p>	<p>Elevar, lærarar, rådgjevar/ Kontaktlærer/ faglærer</p>	<p>Tid til tverrfagleg samarbeid</p>	<p>Evaluering ein gong i terminen</p>
------------------------------	--	---	--------------------------	---	--------------------------------------	---------------------------------------

Utviklingsmål: Klasseleiing						
Handheving av ordensreglane	<p>Klargjering av ordensreglane for elevar og nye lærarar. Påminning om praktisering av ordensreglane ved skulestart.</p> <p>Henge opp fleire av ordensreglane i klasserommet. (Eting, mobil, PC, møte førebudd til timen)</p> <p>Opplæring i rutinane ved føring av fråvær. Elevar skal gi beskjed til kontaktlærar på førehand dersom det skal registrerast som «eigenmelding».</p> <p>Ansvarleggjere elevar når det gjeld å gjere timefråvær om til heildagsfråvær. Strengare og likare praksis i forhold til fire vekers frist.</p> <p>Alltid gi beskjed til <u>faglærar</u> ved fråvær på prøver</p> <p>Utarbeide felles retningslinjer for praksis med utsett prøve ved prøvefråvær</p> <p>Ikkje lov å ete i timen, med mindre det er gjort avtale med lærar.</p> <p>Unngå uro på slutten av timane (elevar begynner å pakke 5 minutt før). Strengare handheving av undervisningstimens lengde.</p> <p>Felles praksis med tanke på orden i klasseromma. Sette pultar tilbake på plass etter timane.</p>	<p>Likare handheving</p> <p>Opplever at elevane blir flinkare til å gi beskjed</p> <p>Meir ro og fokus i timane.</p>	18.8.16 – 24.6.17	Leiinga, lærarar og elever	Ingen ekstra ressursar	Evaluering ved slutten av terminen

